
Fra: Riise Marianne
Sendt: 26.10.2007
Til: 'arnsteins@venstre.no'
Kopi:
Emne: Komiteer

Vi viser til epost sendt 18.10.07 vedr organisering med komitear.

Når det gjeld bruk av komitear må det skiljast mellom komitémodellen lovregulert i kommunelova § 10a og ad-hoc komitear etter kommunelova § 10 nr. 5.

Komiteorganisering etter § 10a er gjerne ei alternativ organisasjonsform til ordinære faste utval etter § 10 nr. 1, og blir gjerne innført som ledd i omorganisering. Denne organisasjonsforma har ikkje tidlegare vore lovregulert. Tanken er bl.a. ei meir aktiv politikarrolle. Den byggjer på at samtlege kommunestyrerepresentantar (ikkje kontrollutvalgsmedl) vert delt i komitear som greier ut og legg fram saker som skal avgjerast av kommunestyret. I tråd med dei motiv og hensyn som ligg til grunn for denne modellen, kan komiteane ikkje ha andre medlemmer enn faste kommunestyrerepresentanter. Desse kommunestyrekomiteane kan ikkje tildelast myndigheit til å avgjere saker. Dei kan sjølvstgå stå for utgreiingar i saker som deretter skal avgjerast i kommunestyret. Regelverket blei satt i verk no frå lokalvalet. For meir informasjon om denne måten å organisere arbeidet på:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/regpubl/otprp/20052006/Otprp-nr-96-2005-2006-/3.html?id=190343>

Etter kommunelova § 10 nr. 5 kan det opprettast såkalte ad-hoc komitear. Desse er meint å vere av meir midlertidig karakter, f.eks. til særskilte utgreiingar. Her kan og andre enn kommunestyremedl. delta.

Kommunestyret kan og velgje å opprette ordinære faste utvalg etter § 10 nr. 1.

Reglar for kjønnsmessig balanse gjeld, sjå kommunelova § 29. Det er særskilte reglar for kjønnsbalanse i kommunestyrekomiteane, jf. § 10a nr. 4.

Dersom kommunen ønskjer at andre enn kommunestyremedlemmene skal delta i arbeidet med å leggje fram saker for kommunestyret, og desse organa er av meir permanent karakter, er dette "faste utvalg" etter § 10 nr. 1, uavhengig av om dei vert tildelt avgjerslemyndigheit eller ikkje.

Med vennleg helsing
Marianne Riise
seniorrådgiver
Kommunal- og regionaldepartementet
Juridisk seksjon - Kommunalavdelingen
tlf. 22 24 72 72 fax 22 24 27 35